



**OFFENTLEG
MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kontrollutvalet

Møtestad: Combisenteret – 2.etasje.

Dato: 01.10.2019

Møtet tok til: 08:00

Møtet slutta: 09.20

Møtet var innkalla ved utsend sakliste og sakene var tilgjengeleg på kontrollutvalet si heimeside.

— Knut Aksel Thunem leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Knut Aksel Thunem	Leiar
Lidvar Kragset	Nestleiar
Miriam Nystøyl	Medlem
Ester Sjørdal Klungre	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn

Oddvin Kragset Medlem

Varamedlemar som møtte:

Namn

Hallstein Ljoså Vara

Frå Vest kontroll møte:

Namn **Stilling**

Jostein Støylen Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn **Stilling**

Revisor Halldis Moltu Revisor. Frå sak 23.

Frå administrasjonen / politisk hald møte:

Namn **Stilling**

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Knut Aksel Thunem

Leiar

Mirjam Nystøyl

Medlem

SAKLISTE

- SAK 20/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 21/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 22/19 MELDINGAR
- SAK 23/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 24/19 REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON
- SAK 25/19 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET – ØKONOMISK
SOSIALHJELP – OPPFØLGING
- SAK 26/19 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 27/19 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/19	033	21.06.2019	01.10.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Mirjam Nystøyl.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/19	049	21.06.2019	01.10.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 11.04.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 11.04.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/19	033&17	20.09.2019	01.10.2019	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Melding om vedtak «Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Økonomisk sosialhjelp».
2. Melding om vedtak «Kontrollrapport – årsmelding 2018 skatteoppkrevjarfunksjonen».
3. Melding om vedtak «Årsmelding for kontrollutvalet 2018».
4. Vurdering av uavhengigheit, av 21.06.2019
5. E- post «Økonomisk sosialhjelp». Datert 19.08 2019.
6. E- post «Økonomisk sosialhjelp». Datert 30.08 2019.
7. Kapittel 23. «Kontrollutvalgets virksomhet». Frå Lovdata
8. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon, av 17.06.2019
9. Kommunerevisoren nr. 4 2019 «Endringer av selskapsavtaler for interkommunale selskaper».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/19	033&58	20.09.2019	01.10.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet vil gjere ein nærare kontroll av Vanylven verdi KF og Combisenteret AS.
2. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad elles til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/vanylven/Dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet

Arbeidsmiljøutvalet		17.06			
Driftsutvalet	07.03	23.05	22.08		
Eldrerådet	04.03	29.08			
Formannskapet	26.03	21.05	04.06	25.06	27.08
Kommunestyret	19.03	11.06	02.07	03.09	
Livsløpsutvalet	06.03	22.05	21.08		
Råd for funksjonshemma	08.03	19.06	28.08		
Ungdomsrådet					
Valstyret		09.09	10.09		
Vanylven Verdi KF		25.06	27.08		

I møtet

Leiaren orienterte om tilhøve ved Vanylven Verdi KF og Combisenteret AS.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/19	216	23.09.2019	01.10.2019	KS

REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2019 – finansiell revisjon, for Vanylven kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg

B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. Motteke 20.09.2019. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2)** Vert sendt pr. post.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu, har

utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2019. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket. Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Oppdragsvurdering
- Selskapsinformasjon
- Risikoanalyse
- Fastsetjing av vesentlighetsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka.

I møtet

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommuneleva § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/19	217	02.09.2019	01.10.2019	JS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - ØKONOMISK SOSIALHJELP – OPPFØLGING

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Økonomisk sosialhjelp til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Samandrag i rapporten – Økonomisk sosialhjelp, av 22.10.2018

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Vanylven kommune gjorde i sak 24/18 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring økonomisk sosialhjelp. Målsettinga med prosjektet var å vurdere grunnlag for vedtak om utbetaling er tilstade (tilfredstillande informasjonsinnsamling og dokumentasjon). Ein ønskte også å sjå om kommunen stiller krav til aktivitet for sosialmottakarar under 30 år.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomisk sosialhjelp – Vanylven kommune, datert 22.10.2018. Denne var handsama i kontrollutvalssak 09/19, og vidare i kommunestyret 07.05.2019 i sak 52/2019 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Økonomisk sosialhjelp, Vanylven kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 22.10.18).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må dokumentere alle inntekter og innhente kopi av likningsoppgåve over alle klientar.
 2. Kommunen må utarbeide ei rutine for at alle klientar under 30 år vert vurdert mht. aktivitetsplikt og at vurderinga går skrifteleg fram i søknadsvedtaket.
 3. Kommunen må i samband med vurdering av aktivitetsplikt også vurdere om det bør settast eventuelle vilkår for aktiviteten.
 4. Kommunen må få på plass ei ordning der klientar under blir fanga opp og kontinuerlig følgt opp med omsyn til aktivitetsplikt og eventuelle vilkår.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.09.2019.

Tilbakemelding frå rådmannen, av 30.08.2019

Rapporten vore gjennomgått på møte med alle tilsette. NAV brukte rapporten som ein mal for å få på plass dei anbefalingane som er skissert i rapporten.

Problemstilling 1: Rutinar i høve tildeling av økonomisk sosialhjelp

Problemstilling 2: Stiller kommunen krav til aktivitetsplikt til sosialhjelps-mottakarar under 30 år, blir aktivitetsplikta overhalde.

Anbefalingar:

Kommunen tek anbefalingane frå revisjonsrapporten til vitande, og har arbeidd anbefalingane inn i rutinane:

Dokumentasjon, inntekt og likningsoppgåve: Dokumentasjon og likningsoppgåve blir no synleggjort i vedtaket. Anser desse anbefalingane som innfridd.

Aktivitetsplikt: Vurdering av aktivitetsplikt går no skrifteleg fram i vedtaket. Vilkår for aktivitet blir vurdert. Aktivitetsplikt og vilkår blir kontinuerlig følgt opp. Anser anbefalingane som innfridd.

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 02.09.2019

Med dei tiltaka som kommunen har sett i verk anser ein anbefalingane som innfridd. Kontrollutvalet bør vurdere om ein etterkontroll på eit seinare tidspunkt kan vere aktuelt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/19	151	02.09.2019	01.10.2019	JS/KS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve minst kr. 75.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2020. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørgje for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2020 pålydande minst kr. 50.000,-.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søker kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjettamma til tilsynsorganet.

(Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/19	033	02.09.2019	01.10.2019	KS

EVALUERING AV KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det blir gitt tilbakemelding til kontrollutvalssekretariatet innan 10.10.2019.
2. Kontrollutvalet vonar evalueringa vil bidra til ei god tilrettelegging for kontrollutvalet i kommande valperiode.

Vedlegg

1. Skjema for evaluering av kontrollutvalet
2. Side 77-80 frå kontrollutvalsboka

Saksopplysningar

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å være ein pådrivar for læring og utvikling i kommunen vår, det kan difor være nyttig for kontrollutvalet å evaluere eget arbeid.

Kontrollutvalsperioden går mot slutten og det er viktig å leggje til rette for erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

Kapittel 11 i kontrollutvalsboka omhandlar «Oppfølging og evaluering» av kontrollutvalet, sekretariat og revisjonen sitt arbeid. No er snart valperioden 2016-2019 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining vere bra at det vert gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden.

Skjema ligg ved. Ordførar og rådmann er også invitert til å vera med i ei slik evaluering.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.